

Innkalling til møte for generalforsamlinga i Sogn Sparebank

Medlemene i generalforsamlinga vert med dette kalla inn til møte:

Tid: Onsdag 09.04.2025, kl. 18:00

Stad: Rådhuset i Lærdal, kommunestyresalen + Teams

Styret, adm. banksjef, ass. banksjef og sekretær for generalforsamlinga er òg innkalla til møtet.

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Meld i frå om du ynskjer å møte fysisk eller via teams til gf@sognbank.no innan 01.04.2025.

Forfall skal meldast snarast til banken per e-post til gf@sognbank.no.

Sakliste møte 01.2025 Generalforsamling i Sogn Sparebank

Sak 01.2025 Opning

- a) Namneopprop
- b) Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 02.2025 Val av møteleiar

Sak 03.2025 Val av to medlemmar til å underskrive møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga

Sak 04.2025 Val av to medlemmar til å vere teljekorps

Sak 05.2025 Årsoppgjer for 2024

- a) Rekneskap 2024
- b) Årsmelding frå styret 2024
- c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2024
- d) Eigarstyring og selskapsleiing
- e) Revisjonsmelding 2024
- f) Årsoppgjersdisposisjonar

Sak 06.2025 Godtgjersle til revisor

Sak 07.2025 Fullmakt til å erverve egne eigenkapitalbevis

Sak 08.2025 Fullmakt til opptak av fondsobligasjon og ansvarleg lån

Sak 09.2025 Vedtektsendringar

Sak 10.2025 Vedtektsendring § 6-2 Bruk av overskot og § 9-2 Disponering av sparebanken sin kapital ved avvikling

Sak 11.2025 Retningslinjer for godtgjersle

Sak 12.2025 Rapportering av godtgjersle til leiande personale i Sogn Sparebank

Sak 13.2025 Satsar for godtgjersle

Sak 14.2025 Val i samsvar med lover og vedtekter

Sogn, 19.03.2025

Med venleg helsing
SOGN SPAREBANK

Atle Terum (sign.)
Styreleiar

Sak 01.2025 Opning

Leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim opnar møtet i generalforsamlinga og føretek namneoppnop.

a) Namneoppnop

Deltakarane vil gå fram av vedlegg - frammøteprotokoll.

b) Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet er kalla inn etter § 8-3 i finansføretakslova, og innkallinga vart sendt til medlemmane av generalforsamlinga og varamedlem den 19.03.2025. I følgje banken sine vedtekter § 3-8, og lov om finansføretak og finanskonsern (finansføretakslova) skal generalforsamlinga i føretak som ikkje er organisert som aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, kallast inn av styret. I følgje banken sine vedtekter § 3-8 skal innkallinga med saksvedlegg sendast medlemmane av generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Innkallinga til medlemmane i generalforsamlinga er difor innanfor fristen som gjeve ovanfor.

Sak 02.2025 Val av møteleiar

Generalforsamlinga gjer framlegg om at leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim vert vald til å leia møtet.

Sak 03.2025 Val av to medlemmar til å signere møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga

Leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim gjer framlegg om to personar til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 04.2025 Val av to medlemmar til å vere teljekorps

Leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim gjer framlegg om to personar til å vere teljekorps.

Sak 05.2025 Årsoppgjer for 2024

a) Rekneskap 2024

Adm. Banksjef Mads A. Indrehus refererer hovudtala i rekneskapen og orienterer om drifta til banken. Han viser ei oversikt over den økonomiske utviklinga i banken.

b) Årsmelding frå styret 2024

Leiar i styret Atle Terum presenterer hovudpunkta i styret si årsmelding.

c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2024

Leiar i styret Atle Terum les opp stadfesting frå styret og dagleg leiar 2024.

Erklæring frå styret sine medlemmar og dagleg leiar

Me stadfestar at årsrekneskapen for rekneskapsåret 2024, etter vår beste overtyding, er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningar i rekneskapen gjev eit rettvisst bilete av banken sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap. Me legg til grunn at opplysningane i årsmeldinga gjev ei rettvis oversikt over utviklinga, resultat og stilling for banken, saman med ei skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorane føretaket står ovanfor.

Årdalstangen den 17. mars 2025

Atle Terum (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)

Olav Vikøren (s.)

Marit Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Marianne Sundal (s.)
Tilsettere representant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)
Adm. Banksjef

d) Eigarstyring og selskapsleiing

Saksvedlegg: Eigarstyring og selskapsleiing 2024

Leiar i styret Atle Terum legg fram rapporten: Eigarstyring og selskapsleiing frå styret for 2024.

e) Revisjonsmelding 2024

Saksvedlegg: Revisjonsmelding

f) Årsoppgjersdisposisjonar

Styret vil på generalforsamlinga 09.04.2025 tilrå generalforsamlinga å disponere årsresultatet 2024 som følger:

Disponering av årsresultat

Årsresultat etter skatt	103 758
Utbytte EK bevis	12 650
Utgjenningsfondet	1 139
Gåveutdeling	8 997
Sparebanken sitt fond	80 972

Styret vil tilrå generalforsamlinga å betala ut NOK 20,- i utbytte pr. egenkapitalbevis for 2024.

Styret ber generalforsamlinga om fullmakt til å disponere og dele ut avsette gåvemidler NOK 8.997.000,- i samsvar med § 6-1 i banken sine vedtekter:

Gåver skal fordelast med 34,16 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,49% innanfor Vik kommune og 39,35 % innanfor Aurland kommune. Dette skal ikkje vera til hinder for tildeling av inntil 40 % av summen blir utdelt som gåver til allmennyttige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd eller ynskjer å marknadsføre seg.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga handsamar styret sitt framlegg til årsrekneskap med notar, styret si årsmelding for 2024 med hovudprinsipp for godtgjersle til leiande tilsette, og utgreiing om eigarstyring og selskapsleiing. Revisor si melding vart gjennomgått.

Generalforsamlinga fastset banken sitt resultatrekneskap og balanse for 2024 i samsvar med innstilling. Generalforsamlinga vedtek framlagd disponering av årsresultat for 2024 i samsvar med styret si tilråding.

Sak 06.2025 Godtgjersle til revisor

Det vert gjort greie for godtgjersle til revisor i 2024.

Framlegg til vedtak:

Honorar vert godkjent etter framlagd rekning.

Sak 07.2025 Fullmakt til å erverve egne egenkapitalbevis

Adm. Banksjef, Mads Indrehus, legg fram saka.

Det ligg føre innstilling frå styret om å gi styret fornya fullmakt til å erverve egne egenkapitalbevis.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å erverve eigne eigenkapitalbevis under følgjande vilkår:

1. Fullmakta er avgrensa til maksimalt 3 % av eigenkapitalbevis med pålydande verdi på NOK 50, totalt pålydande NOK 3.795.000. Total antal eigenkapitalbevis i Sogn Sparebank pr. dags dato er 632.500 stk.
2. Kjøpesummen skal vere mellom NOK 150 og NOK 350 per eigenkapitalbevis. Alt sal skal skje over Oslo Børs.
3. Styret har elles friheit til å erverve og avhende eigne eigenkapitalbevis.
4. Eigenkapitalbevis erverva i samsvar med fullmakta kan berre nyttast til overføring til tilsette i Sogn Sparebank som ledd i banken sin spareordning for tilsette godkjent av styret. Eventuelle overskytande eigenkapitalbevis etter overføring til tilsette kan seljast på marknaden.
5. Fullmakta gjeld frå generalforsamlinga si avgjersle om å tildele fullmakta og fram til ordinær generalforsamling i 2025, seinast 30. april 2025.
6. Fullmakta er betinga av godkjenning frå Finanstilsynet, og skal registrerast i Føretaksregisteret.

Sak 08.2025 Fullmakt til opptak av fondsobligasjon og ansvarleg lån

Styret ber generalforsamlinga om å fatta vedtak som beskrive i denne saksframlegginga.

Styret må på årsmøtet søkja ei ny fullmakt frå generalforsamlinga til opptak av ansvarleg obligasjonslån og fondsobligasjonslån for å kunna dekkja eit eventuelt auka behov for soliditet banken kan få. Vidare må styret søkja fullmakt frå generalforsamlinga for å heilt eller delvis innfri eksisterande fondsobligasjonslån dersom kapitalbehovet for banken etter styrets skjønn tilseier at ikkje er lengre behov for heile eller deler av fondsobligasjonslånet.

På bakgrunn av dette er det ønskeleg frå administrasjonen at styret ber generalforsamlinga om å fatta vedtak om å gje følgjande fullmakt:

1. Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å ta opp tidsavgrensa ansvarleg obligasjonslån med rammer på inntil NOK 50 mill. med innløysingsrett etter fem år. Det er ein føresetnad at dei ansvarlege låna tilfredsstiller dei kvalitative krava til tilleggskapital og tel som ansvarleg kapital i norsk regelverk.
2. Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til opptak av fondsobligasjonslån med ramme på inntil NOK 50 mill. som tilfredsstiller regelverket for teljande kjernekapital. Generalforsamlinga gjev vidare styret fullmakt til å heilt eller delvis innfri fondsobligasjonslån innafor ei ramme på NOK 40 mill. på marknadsmessige

vilkår dersom fondsobligasjonslånet erstattast med anna ansvarleg kapital eller kapitalbehovet for banken etter styrets skjønn tilseier at det ikkje lengre er behov for heile eller deler av fondsobligasjonslånet.

3. Det vert foreslått at fullmakta blir gjeve på følgjande vilkår:
 - a. Styret står fritt til å tilpassa løpetid og pris etter behovet til banken og marknaden sin prising av kapital. Avgjerd om aksept av vilkår kan delegerast administrerande banksjef.
 - b. Fullmakta gjeld fram til neste ordinære generalforsamlingsmøte, maks 15 mnd., eller inntil den eventuelt blir endra eller trekt tilbake ved nytt vedtak i generalforsamlinga.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek innstillinga frå styret for å gi banken fleksibilitet til å styrkja kapitaldekninga til banken.

Sak 09.2025 Vedtektsendring § 6-1 Bruk av overskot

Finanstilsynet godkjente endring av vedtektene § 6-1 om bruk av overskot der endringa inneber at gåvetildelinga til omkringliggjande kommunar blir auka til 40 %, frå tidlegare 30 %. I dagens vedtekter står det at me ynskjer å bruke desse midlane til utdeling av områder der me ynskjer å marknadsføre oss, denne formuleringa oppmodar Finanstilsynet banken om å endre.

Framlegg om endring av tekst i § 6-1 Bruk av overskot:

Årets overskot blir tilordna eigarane av eigenkapitalbevis og banken [finansføretaket] etter forholdet mellom eigardelskapitalen med tillegg av overkursfondet og grunnfondskapitalen med tillegg av kompensasjonsfondet. Utbyttmidlane i år skal fordelast mellom eigardelskapitalen og banken [finansføretaket] etter same forhold.

Utbyttmidlar tilordna eigardelskapitalen blir utbetalte som utbytte til eigarane av eigenkapitalbevis. Resten av årets overskot tilordna eigardelskapitalen skal tilførast utjamningsfondet eller utgjera annan eigardelskapital.

Den delen av årets overskot som er tilordna grunnfondskapitalen, blir lagt til. Det kan fastsetjast at utbyttmidlar kan nyttast til utbytte på innskoten grunnfondskapital, til gåver til allmennyttige formål eller overførast til eit fond for slike gåver (gåvefondet), eller blir overført til ei stifting med allmennyttig føremål.

Gåver skal fordelast med 34,16 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,49 % innanfor Vik kommune og 39,35 % innanfor Aurland kommune. Ved eventuell framtidig kommunesamanslåing skal noverande kommunegrense leggjast til grunn for gåvetildelinga. Dette skal ikkje vera til hinder for tildeling av inntil 40 % av at dei utdelte gåver til allmennyttige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd. Geografisk fordelte midlar som ikkje er nytta innan utløpet av året midlane vart vedtatt av generalforsamlinga vil inngå i gåvefondet og kan overførast til

gåver til allmennyttige føremål i omkringliggjande område der banken utøver forretningsverksemd.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek endring av tekst i banken sine vedtekter § 6-1 Bruk av overskot.

**Sak 10.2025 Vedtektsendring § 6-2 Bruk av overskot og § 9-2
Disponering av sparebanken sin kapital ved avvikling**

Viser til sak 15.2024 i banken si generalforsamling 17.04.2024, og orienterer om alternativ i saka.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande og ber styret utgreie sak og kome med framlegg til vedtak til handsaming i banken sin generalforsamling i 2026.

Sak 11.2025 Retningslinjer for godtgjering

Saksvedlegg: Retningslinjer for godtgjersle

Sak 12.2025 Rapportering av godtgjersle til leiande personale

Saksvedlegg: Rapportering av godtgjersle til leiande personale i Sogn Sparebank

Sak 13.2025 Satsar for godtgjersle

Valnemnda skal utarbeide satsar for godtgjersle for Sogn Sparebank som skal leggjast fram for generalforsamlinga for vedtak. Valnemnda § 5-1 tilrår generalforsamlinga i Sogn Sparebank å vedta framlagde satsar for godtgjersle for tillitsvalde i Sogn Sparebank.

HONORARSATSAR SOGN SPAREBANK	Gjeldande satsar:	Framlegg:
Gjeld frå:		09.04.2025
Generalforsamling		
Leiar	15.000	15.750
Nestleiar i generalforsamlinga pr. møte	1.680	1.764
Medlem pr. møte	1.680	1.764
Varamedlem pr. møte	1.680	1.764
Styret		
Leiar	160.000	168.000
Nestleiar i styret	110.000	115.500
Medlem	90.000	94.500
Varamedlem pr. møte	5.500	5.775
Revisjons- og risikoutval		
Leiar fast	50.000	52.500
Medlem fast	30.000	31.500
Valnemnd		
Leiar pr. møte	3.360	3.528
Medlem pr. møte	1.680	1.764
Varamedlem pr. møte	1.680	1.764
Tapt arbeidsforteneste	Nei	Nei
Anna		
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. halv dag (til 4,0 timar)	3.000	3.150
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. > halv dag (frå og med 4,0 timar)	6.000	6.300
Reise/Diett	Bankens egne satsar	Bankens egne satsar

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek framlagde honorar for tillitsvalde i Sogn Sparebank.

Sak 14.2025 Val i samsvar med lover og vedtekter

Gjennomførte val av medlem og varamedlem til generalforsamling utført i kommuneval, kundeval, tilsetteval og valmøte for egenkapitalbevisegarane.

Oversikt over ny Generalforsamling:

Offentleg valde

Medlem

Tor-Bjørn Hylland	24/27	Aurland
Anita Lærum	24/27	Aurland
Anne Kauppi	24/27	Årdal
Olav Grøtnebø	24/27	Lærdal
Roy Egil Stadheim	24/27	Vik
Marta Sofie Vange	24/27	Vik

Varamedlem

Espen Bjønnes	24/27	Aurland
Knut Arne Klingenberg	24/27	Årdal
Frøydis Helland	24/27	Lærdal
Victoria M. Harbakk	24/27	Vik

Kundevalde

Medlem

Bjørn Ebne	24/27	Aurland
Thomas Rastad	24/25	Aurland
Even Gundersen Vee	24/27	Årdal/Lærdal
Per Olav Lerøy	24/25	Årdal/Lærdal
Anne Mårdalen	24/27	Vik
Per Aase	24/25	Vik

Varamedlem

Eva Laastad	24/27	Aurland
Kristin Haug Hæreid	24/27	Årdal/Lærdal
Bjarne Engum	24/25	Vik

Eigenkapitalbevisegarvalde

Medlem

Asgeir Løno	24/25	EK-bevis
Grzegorz Stefanski	24/25	EK-bevis
Jan Olav Fretland	24/24	EK-bevis
Kjell Arne Vigdal	24/25	EK-bevis
Odd Reidar Øie	24/25	EK-bevis

Varamedlem

Arnstein Bjørke	24/25	EK-bevis
Ole Kristian Asperheim	24/27	EK-bevis

Tilsettevalde

Medlem

Robert Haugen	24/25	Tilsette
Catrin Sandnes	24/25	Tilsette
Britt Grov Helland	24/27	Tilsette
Britt Julusmoen Bakk	24/27	Tilsette
Krister Sveen Solheim	24/27	Tilsette

Varamedlem

Sander Øvstetun	24/27	Tilsette
Kirsten Asheim	24/25	Tilsette

Leiar i valnemnd § 5-1, Marta Sofie Vange, gjer greie for valnemnda si innstilling i møte.

Framlegg til vedtak:

STYRET

Styremedlem

På val:

1 medlem for perioden 2025-2026	(Årdal/Lærdal)	Marit Røyrvik Eldegard
1 medlem for perioden 2025-2026	(Vik)	Olav Vikøren

Innstilt:

1 medlem for perioden 2025-2026	(Årdal/Lærdal)	Marit Røyrvik Eldegard
1 medlem for perioden 2025-2026	(Vik)	Olav Vikøren

Til orientering:

Val av styremedlem av eigenkapitalbeviseigarane i valmøte 26.02.2025

På val:

1 medlem for perioden 2025-2026	Sindre Wergeland
---------------------------------	------------------

Vart valt:

1 medlem for perioden 2025-2026	Sindre Wergeland
---------------------------------	------------------

Varamedlem til styret

På val:

1 varamedlem for perioden 2024-2025 (Aurland)	Lars Loven
1 varamedlem for perioden 2024-2025 (Uavhengig)	NYTT VARAMEDLEM

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2024-2025 (Aurland)	Marit Løkkebø
1 varamedlem for perioden 2024-2025 (Uavhengig)	Kåre Mentz Lysne

Til orientering:

Val av varamedlem av tilsette i val den 26.02.2025

På val:

1 varamedlem for perioden 2025-2026	Halvor Larsen
-------------------------------------	---------------

Vart valt:

1 varamedlem for perioden 2025-2026	Leif Andresen
-------------------------------------	---------------

NESTSTYRELEIAR

På val:

Nestleiar til styret for perioden 2025-2026	Sindre Wergeland
---	------------------

Innstilt:

Nestleiar til styret for perioden 2025-2026

Sindre Wergeland

NESTLEIAR I GENERALFORSAMLING

På val:

Leiar generalforsamling for perioden 2025-2026

Olav Grøtnebø

Innstilt:

Leiar generalforsamling for perioden 2025-2026

Olav Grøtnebø

VALNEMND

Medlem

På val:

1 medlem for perioden 2025-2026

(Aurland)

Anita Lærum

Innstilt:

1 medlem for perioden 2025-2026

(Aurland)

Anita Lærum

Til orientering:

Val av medlem til valnemnd av eigenkapitalbevisegarane i valmøte 26.02.2025

På val:

1 medlem for perioden 2025-2026

Asgeir Løno

Vart valt:

1 medlem for perioden 2025-2026

Odd Reidar Øie

Val av medlem til valnemnd av tilsette i val den 26.02.2025

På val:

1 varamedlem for perioden 2025-2026

Britt Julusmoen Bakk

Vart valt:

1 varamedlem for perioden 2025-2026

Britt Julusmoen Bakk

Varmedlem

På val:

1 varamedlem for perioden 2025-2026

(Vik)

Per Aase

1 varamedlem for perioden 2025-2026

(Årdal/Lærdal)

Kirsti Eklund

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2025-2026

(Vik)

Per Aase

1 varamedlem for perioden 2025-2026

(Årdal/Lærdal)

Olav Grøtnebø